



SUNNHORDLAND
BRU- OG TUNNELSELSKAP

**PROTOKOLL – ORDINÆR GENERALFORSAMLING
I SUNNHORDLAND BRU- OG TUNNELSELSKAP AS
TIRSDAG 17. JUNI 2014 KL 1200**

Tilstades:

Frå aksjonærane:

Benthe Bondhus, Hordaland Fylkeskommune
Ruth Eriksen, Sveio kommune (representerte og Fitjar kommune)
Odd Harald Hovland, Bømlo kommune (representerte og Stord kommune)

Av selskapet sine 123 aksjar var dermed 98 aksjar representerte. Aksjonærliste følger vedlagt protokollen.

Frå styret: arbeidande styreleiar Pål Kårbø
Frå administrasjonen: Cathrin Innvær Lohne (referent)

Arbeidande styreleiar Pål Kårbø ønskte velkommen til siste ordinære generalforsamling.

SAK 1 – VAL AV MØTELEIAR

Pål Kårbø vart vald til møteleiar.

**SAK 2 – VAL AV 2 REPRESENTANTAR TIL Å SKRIVA UNDER
PROTOKOLLEN**

Benthe Bondhus og Odd Harald Hovland vart valde til å skriva under protokollen.

SAK 3 – GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Varsel om ordinær generalforsamling vart utsendt 8. mai 2014 og innkalling m/papirer vart utsendt 10. juni 2014.
Innkallinga vart godkjend.

SAK 4 – FASTSETJING AV STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2013

Styret sitt forslag til årsmelding for 2013 vart gjennomgått og tatt til orientering.

SAK 5 – FASTSETJING AV RESULTATREKNESKAP OG BALANSE FOR 2013

Det var ingen merknader til framlagt resultatrekneskap og balanse som vart samrøystes vedteke som resultatrekneskap og balanse for 2013.

OBH.

P.K

DISPONERING AV ÅRSRESULTAT I SAMSVAR MED FASTSETT BALANSE

Styret sitt forslag til disponering av årsresultat for 2013:

"Resultatet etter ordinære avskrivningar og finanspostar går til avskrivning av innkrevjingsretten og avviklingskostnader. Utover dette har selskapet et overskott på kr 35 701 000. Denne summen vert overført til annan eigenkapital".

Generalforsamlinga vedtok disponering av årsresultat for 2013 som føreslege av styret.

SAK 6 – GODTGJERSLE TIL STYRET

kr. 70 000,- pr. år for styreleiar
kr. 40 000,- pr. år for nestleiar
kr. 25 000,- pr. år for andre styremedlem
kr. 2 500,- pr. møte for varamedlemer

Fullt styrehonorar forutset at ein har deltatt på minst halvparten av styremøtene, medan deltaking på færre enn dette gjev halvt honorar.

Dette vart samrøystes vedteke som godtgjersle til styret for generalforsamlingsåret 2013/2014.

SAK 7 - GODTGJERSLE TIL REVISOR FOR 2013

Styret sitt forslag til godtgjersle:

etter rekning frå KPMG AS

Vart samrøystes vedteke som godtgjersle til revisor for 2013.

SAK 8 – VEDTAK OM NEDLEGGING AV SELSKAPET/VAL AV AVVIKLINGSSTYRE


Generalforsamlinga vedtek at Sunnhordland Bru- og Tunnelselskap AS foretar oppløysing av selskapet og startar arbeidet med avvikling. Melding om oppløysing vert sendt Brønnøysundregistrene.

*"Som avviklingsstyre vart følgjande personar valde:
Pål Kårbø (leiar)
Øyvind Hardeland
Liv Kari Eskeland"*



Generalforsamlinga vart avslutta kl. 12.30.

Bremnes, 17. juni 2014



Benthe Bondhus



Odd Harald Hovland



SUNNHORDLAND
BRU- OG TUNNELSELSKAP

DELTAKARAR PÅ ORDINÆR GENERALFORSAMLING TIRSDAG 17. JUNI 2014

Aksjonær	Ant. aksjar	Representert ved	Fullmakt
Austevoll kommune	2		
Bergen kommune	1		
Bømlo kommune	6	Odd Harald Hovland	X
Caiano AS	4		
Etne kommune	1		
Fitjar kommune	4	Ruth Eriksen	X
Fusa kommune	2		
Haugesund kommune	6		
Hordaland fylkeskommune	76	Benthe Bondhus	X
Karmøy kommune	1		
Kvinnherad kommune	4		
Stord kommune	6	Odd Harald Hovland	X
Sveio kommune	6	Ruth Eriksen	X
Tysnes kommune	2		
Tysvær kommune	1		
Ølen kommune	1		
Sum	123		
Sum aksjar representerte	98		

P.k